

Nynorske

litteraturdagar 2014

Flåm og Aurland 31. oktober – 2. november 2014



JAHN OTTO JOHANSEN



SYLFEST LOMHEIM



MAGNHILD BRUHEIM



GEIR LYSNE



BÅRD VEGAR SOLHJELL



BASTE BOLSTAD



LISBETH DREYER



ENVER IZMAYLOV

Folkeleg Raus Levande

www.nynorskelitteraturdagar.no

Velkomen til årets Nynorske litteraturdagar – Noreg på godt og vondt!



FOTO JAN EGIL FIMREITE.

Det var ei stund uvisse om det skulle verte Nynorske litteraturdagar i år, men press utanfrå gjorde at ein tok til fornuft. Me har no fått på plass eit program som i alle fall me sjølv er godt nøgde med. Du sit no med det i hendene og kan gjere opp di eiga meining.

Årets tittel er "Noreg på godt og vondt". Det er Grunnlovsjubileet som er fundamentet i årets Nynorske litteraturdagar. Me tek nokre steg ut i den store verda, men har likevel føtene godt planta i kommunen og regionen.

Nytt av året og ein av dei største produksjonane våre, er eit tingingsverk komponert særskilt for Nynorske litteraturdagar. Bak det står komponist og musikar Geir Lysne frå Lærdal, med røter også her i Flåm.

Me er takksame for den positiviteten me møter i lokalsamfunnet og elles rundt i landet. Samarbeidet med forlag og forfattarar, musikarar, hotella,

andre tenesteleverandørar og dei mange frivilljuge medarbeidarane, er viktige faktorar for ein god festival, ...og so må ein ikkje gløyme publikum. Utan dykk vert det ein løgen festival!

Finansieringa vår kjem frå det offentlege, lokale sponsorar, ymse fond/stiftingar og billettsal. Me har i år motteke økonomisk stønad frå fleire for oss nye institusjonar. Eit breitt økonomisk fundament er viktig å ha. Takk til dykk!

Neste år vert det ny organisering av festivalen og det vert også den tiende utgåva av Nynorske litteraturdagar. Ein er allereie i gong med å sjekke ut interessante vinklingar for 2015, men først vil eg sei:

De er velkomne til Nynorske litteraturdagar 2014!

Odd Erik Vatlestad
prosjektleiar

Nynorske litteraturdagar er eigd av Aurland kommune og i år har desse jobba med festivalen:

Martin Hendriks
Signe Olaus Pedersen
Haakon Skjerdal
Odd Erik Vatlestad

Velkommentil Nynorske Litteraturdagar



Nynorskbrukarar er best i nynorsk, sjølvsagt, men også best i bokmål. I tillegg lever me lengre, me som bur i nynorskland. Ja, all statistikk går i vår favør, seiest det.

Så kanskje treng me ikkje bruka så mykje tid på å kjempa for nynorsken si sak. Det er berre å kosa oss med godt språk på Nynorske Litteraturdagar, og elles når me les, høyrer og pratar nynorsk.

Så enkelt er det likevel ikkje. Det er alltid ein språkdebatt og det er dei som ikkje vil nynorsken vel. Lat oss difor halda fana vår høgt, ho har ein sterk bodskap og er lett å bera.

Eg tvilar aldri på at nynorsken har ei trygg framtid. Det er eit rikt språk med gode brukarar og uredde talsmenn, dei forstår seg og på den fornyinga som alle språk treng.

Nynorske Litteraturdagar 2014 har eit spennande program og eg vonar at retteleg mange finn vegen til Aurland og Flåm på festivaldagane.

De er alle hjarteleg velkomne!

Noralv Distad
Ordførar

Nytt fordelsprogram for kredittkort

Kredittkort til ditt behov - Gold, Business eller ungdomskortet ViVo.

Du handlar tryggare både på nett og på reise – når du betalar med Eika kredittkort. Gjennom fordelsprogrammet vårt får du i tillegg bonus og rabattar når du brukar korta frå tilbydarane våre.



Mat

- Rabatt på mange spennande restaurantar og kafeear i heile Norge



Kultur

- Billetter til julekonsert over heile landet for eksempel «Stille Natt, Hellige Natt»

Det vil komme fleire kulturtilbod etter kvart.

Reise

- Best pris på hotell over heile verda
- Ekstra tryggleik med utvida reise- og avbestillingsforsikring

Handla

- 10-25% rabatt i mange butikkar – også på nett
- Automatisk rabatt når du handlar med ditt Gold kredittkort

Dette er berre noko av det du kan få rabatt på, gå inn på våre nettsider www.aurlandsparebank.no eller finn informasjon i Nettbanken.

Oppspart bonus, på «gamal» bonus ordning, vil liggja tilgjengeleg i 36 månader.



Aurland Sparebank

Enver Izmaylov



Gitaristen, strupesongaren og komponisten Enver Izmaylov er ein verdsborgar, busett i Simferopol på Krim. Han tilhøyrrer folkegruppa Krimtatarane, og i 1944 vart denne folkegruppa deporterte etter ordre frå Stalin. Mange av dei hamna i Ferganadalen i Usbekistan, der Enver vaks opp. Først litt utpå åttitalet fekk dei returnere til Krimhalvøya og etablere seg på nytt.

Enver fekk ikkje noko opplæring i gitarspel, og måtte difor prøve seg fram på eiga hand. På denne måten utvikla han ein unik speleteknikk som ein ikkje finn hjå andre. Absolutt ikkje etter læreboki!

Enver Izmaylov komponerer det meste av musikken sjølv, inspirert av folkemusikken til tatarane, tyrkarane og folkegruppene på

Balkan. Gitarspelet og musikken til Enver kan ikkje skildrast, ein må berre nyte det med alle sansar vidopne. Det er nesten ikkje grenser for kva han kan få ut av gitarane sine, noko den første videoen syner (sjå lenkjer under). Det humoristiske innhaldet i konsertane skal ein heller ikkje gløyme, kanskje nokon får bakoversveis?

Enver Izmayliv kjem til å delta ved ei rekkje høve under årets Nynorske litteraturdagar, mellom anna på Geir Lysne sitt tingingsverk Sanz, på presentasjon av bunadar og folkedrakter frå Sogn, under Jahn Otto Johansen sitt kåseri og med eigen solokonsert.

Enver Izmaylov har halde konsertar over heile verda og gjeve ut ei rekkje cd-plater og dvd-ar.

Video:

<https://www.youtube.com/watch?v=4HFz4adXmV8>

https://www.youtube.com/watch?v=oY2Q1gpel9U&list=UU_cRP-knc0N8JWY7tSkTHNQ

<https://www.youtube.com/watch?v=u0ZX7VWjlds>

<https://www.youtube.com/watch?v=3pU9aUvA9c8>

<https://www.youtube.com/watch?v=uXFjYorR4Tw>

Lyd:

<https://soundcloud.com/enver-izmaylov/enver-zmailov-with-my-best-1>

<https://soundcloud.com/enver-izmaylov/around-the-black-sea-sudak>

<https://soundcloud.com/enver-izmaylov/enver-zmailov-with-my-best-3>

<https://soundcloud.com/enver-izmaylov/enver-zmailov-river-of-time-3>



Sylfest Lomheim

er nok ein gong attende på Nynorske litteraturdagar. Denne gongen har han fått oppdraget med å opne årets dagar og halde eit humoristisk foredrag rundt Adam og Eros.

Sylfest er fødd på Hafslo og jobbar til dagleg som professor i norsk og omsetjing ved Universitetet i Agder. Sylfest har arbeidd i NRK Fjernsynet, ved universitetet i Frankrike, som språkkonsulent i NRK og som medarbeidar i NRKs faste språkprogram sidan 1990. I sju år gav han Språkrådet eit ansikt og ei røyst som uredd, humørfyllt og markant direktør og debattant.

Sylfest står bak mange bøker. Dei fire siste er Språkreise (2007), Tale er gull (2011), Adam og Eros (2013) og Når dere ber (2013).

Adam og Eros er to ord som oppsummerar dei to viktigaste linene i den vestlege kulturhistoria – den jødiskbaserte kristendommen og den greskbaserte myteverda. Vår vestlege kultur er bygd på desse to sterke tradisjonane som utgjør dei rikaste kjeldene for språk og førestellingar i heile Europa.

Dette vert garantert ei underholdande kveldsstund med Sylfest i godt slag på Ægir Bryggeri & Pub.

«Folkedrakter og bunader frå Sogn Ei reise i tid og landskap»

Bjørg Hovland held føredrag om arbeidet med formidling av historia til folkedrakter og bunader i Sogn.

Ei utstilling av originale plagg frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, i hovudsak frå Aurland kommune, blir å sjå i hotellet sin vestibyle.

Etter føredraget vert det framsyning og presentasjon av modellar med bunader frå ulike periodar, både menn, kvinner og barn. Til sist syner mønstringa brurestas, med krunebrurer, sølvstas og drakter frå fleire bygder i Sogn.

Lokale og internasjonale musikkinnslag undervegs.

Det vert høve til boksignering.

Programmet er eit samarbeid mellom Nynorske litteraturdagar og Sogn bunadnettverk ved Bjørg Hovland, Siri Benjaminsen og Torill Lien Nilsen.

Boka – Folkedrakter og bunader frå Sogn

Bunad er populært som aldri før. Men korleis vart alle dei ulike bunadene i Sogn til? Kva er det som skil dei frå kvarandre? Korleis har dei utvikla seg frå nasjonsbygginga til vår tid?

I boka Folkedrakter og bunader frå Sogn fortel forfattar Bjørg Hovland nært og personleg frå eit langt liv i bunad, og om gleden over dei vakre bunadene som vekke interessa hennar for temaet.

I boka går ho attende i tid og skildrar korleis sogningane kledde seg til høgtid på 1800-talet då nasjonalromantiske målarar oppdaga fjord, fjell og folk her i Sogn. Hovland har gått på oppdagingsferd i målarkunst og klede, og gjer historia levande for oss gjennom ord og bilete.



FOTO PRIVAT



Kokebok fra Flåm skule

Mange kokkar små...kokar i det blå

Første og andre klasse på Flåm skule har laga kokebok. I følgje omgrepet er dette den første og beste kokeboka som er laga på skulen, og då er det nok heilt sant.

Boka gjev deg oppskrifter og tips til mat du like gjerne kan laga ute som inne, og inneheld i tillegg mange flotte og glade illustrasjonar og bilete.

Det blir omtale av boka på Marianne bakeri og kafé på Aurlandsvengen laurdag 1. november kl 10:30, og der trur me sanneleg det kjem til å vanka smakbitar frå innhaldet i boka òg!

Nam!



FOTO LINDA CARTRIDGE

198 - Mi reise til alle verdas land

Gunnar Garfors er den einaste nordmannen som har vore i alle land i verda. Utferdstrongen og eventyrlysta har resultert i sære opplevingar og ville påfunn, som Guinness-rekord etter besøk i fem verdsdelar på éin dag.

Han reiser ofte på impuls og opplever verda i møte med dei han treffer undervegs. Då skjer det uventa og spennande ting, anten han er aleine eller saman med gode kompisar. Boka inneheld historier frå kvart einaste land i verda, og er meint som inspirasjon til alle som vil på noko anna enn pakketurar.

Garfors har òg laga fleire lister, som dei 25 minst besøkte landa i verda, dei fem favorittlanda hans i kvar verdsdel, dei 10 favorittbyane, dei farlegaste landa og kva land som har dei flottaste kvinnene. Han gir gode råd om kvifor og korleis reise til stader du knapt visste om.

Gunnar Garfors er opphavleg journalist som no jobbar med distribusjon av digitalradio i NRK. Han er kjend som quizmaster frå Nitimen på NRK P1, og skriv om reise i utanlandske aviser og magasin samt på sin eigen nettstad garfors.com.

Historiar frå Aurlandsutbygginga




FOTO FRÅ FACEBOOKSIDA TIL AURLANDUTBYGGINGA

Einskilde har etterlyst meir program med lokal forankring under Nynorske litteraturdagar. Dette gjer me no noko med.

Me har vore so heldige å få med oss to sentrale personar frå Aurlandsutbygginga til ein godprat i Heradshuset på søndagen. Osvald Turlid kjenner nok dei fleste, men sementkøyraren Bengt Johnsrud kjem de nok til å hugse etter denne dagen. Johnsrud har røter frå Dyrdal.

Lokalhistorikaren Johs. B. Thue frå

Balestrand skal prøve å halde styr på desse to og kanskje fleire frå denne gullalderen i Aurland si historie.

Denne utbygginga bygde mykje av det moderne Aurland, og har gjeve Aurland gode inntekter. Kanskje vert det ei framtidig bok av dette?

Publikum kan førebu seg med å lese om Aurlandsutbygginga og sjå flotte foto på Facebook.

<https://www.facebook.com/groups/1393521814236048/>

God dag, herr Jul! Ei moderne juleforteljing

Malin og veslesystera Molla har flytta inn i eit gammalt trekkfullt hus, i ein by dei så vidt kjenner og utan pappa. Alt er anleis, men jula kjem vel uansett. Eller gjer ho det? Ifølgje Onkel Thor kjem det heilt an på engelen Gabriel og ei rekkje andre ting om det i det heile blir jul. Og lenger ned i gata bur Henrik, den spesielle guten som kan alt om ord.

Kvifor landar det heile tida nye juletre utanfor huset til naboen? Og kva er det naboen gøymmer der inne? Englane kan umogleg ordne alt åleine. Så Malin må trå til, saman med Molla og Henrik og fleire til.

Ei vakker og moderne juleforteljing, fylt med varme og undring.

Laura Djupvik er forlagsarbeidar, skribent og forfattar. Ho kjem frå Gurskøy på Sunnmøre, men bur no i Lier ved Drammen. Ho debuterte med romanen Båten er så liten i 2004. I 2008 fekk ho Guro Sandsdalens litteraturpris for barneboka Hundre appelsinar og ein fiolin. Djupvik kom med romanen Kvitt (Kolon forlag) i 2013.



FOTO TURID KRISTENSEN VEVATNE

Gi meg heller livet

- Ein dokumentar om soldatveteranar i Norge

Når norske soldatar kjem heim til Noreg etter teneste i konfliktområde, er det for mange veteranar starten på ein personlege kamp. Ein kamp dei ikkje har blitt førebudde på. Ein kamp med seg sjølv og med samfunnet. Dei kjempar for å finne tilbake til eit vanleg liv, mot vonde minne og mot eit samfunn som ikkje forstår. Dei kjempar for å bli høyrd og respekterte både i den offentlege debatten og i sin personlege kvardag.

Sidan 1945 har over hundre tusen nordmenn vore i utlandsteneste. Når oppdraget i Afghanistan vert avslutta, vil Noregs siste store krigsinnsats ha etterlate nærare ti tusen nye norske krigsveteranar. Er dei budde på det som ventar dei når dei kjem heim? Og er det norske samfunnet klare for å ta i mot dei?

Gi meg heller livet er eit eineståande dokumentasjonsverk, eit tidsbilete som gjev innsyn i eit tema som kan setje i gong ein viktig debatt. Boka gjev innblikk i kvardagen til 13 veteranar frå oppdrag i Libanon, Irak, Balkan og Afghanistan, ein av dei er ei kvinne som er veteran og enke. Forordet er av Forsvaret sin veteraninspektør Robert Mood.

Fotograf Håvard Bjelland og forfattar Bjørn Asle Nord har i fleire år jobba saman om dette såre og følsame temaet. Gjennom reportasjar i Bergens Tidende har dei vist unge krigsveteranar sine liv, menneske som vi ofte ikkje ser. For dette arbeidet har dei to gonger vore nominert til Den store journalistprisen. Etter kvart har dei samla inn fleire historier og ynskjer no å vise dei enkelte skjebnane i eit større perspektiv.



FOTO PAUL SIGVE AMUNDSEN

FOTO HAAVARD BJELLAND

Krisa på Krim og i Ukraina



Jahn Otto Johansen gjev oss eit innblikk i konflikten og presenterer sin siste bok, *Drømmen om Europa. Streiftog fra tidligere jernteppelands*

Krinstataren Enver Izmaylov fargelegg programmet med sin musikk

Drømmen om Europa – streiftog fra tidligere jernteppelands Sentral- og Aust-Europa har dei siste tredivjetta år gjennomgått store endringar – endringar så store og overraskande at verken politikarar eller forskarar, og aller minst media, har vore i stand til å forutsette dei og langt mindre sjå dei kome. Warszawapakta og Comecon som var det Moskva-dominerte økonomiske fellesskapet, og som i oppløysing etter at Berlinmuren fall og dei kommunistiske regimene i Europa og Sovjetunionen sjølv fall frå kvarandre.

Den kalde krigen delte eit Europa som historisk og kulturelt hadde høv saman sidan «Det hellige riket av tysk nasjon», og som også Habsburg-monarkiet hadde vore eit uttrykk for. Berlinmuren sitt fall oppna

for ei utvikling som førte dei gamle jernteppelanda tilbake til Europa – medlemskap både i EU og NATO. Det har vore ein vanskelig prosess som me i dag ikkje ser den endelege utgangen på.

Jahn Otto Johansen har brukt eit halvt hundreår på å reise i og studere dei sentral- og aust-europeiske landa, og har vore i ein unik posisjon til å følgje dei enorme endringane som har funne stad i regionen gjennom desse åra. I denne boka skildrar han ved egne opplevingar og gjennom desse landa sine diktarar, korleis menneska der tenkjer, føler og handlar.

Geir Lysne

– Tingingsverket "Sanz"

Geir Lysne er 48 år, fødd i Trondheim, men slekta kjem frå Lærdal, Ljosne og Flåm. Han gjekk på vidaregåande skule i Sogndal og musikkinteressa hans fekk på den tida ein ny kveik gjennom medlemskapen i Sogndal Storband, Sogndal Musikklag og seinare Sogn og Fjordane Storband. Ferda gjekk vidare til Toneheim folkehøgskole, deretter jobba han som musikk lærar i Lærdal og Florø, før han tok musikkutdanninga si ved Norges Musikkhøgskole i Oslo.

Geir Lysne er etablert på den europeiske jazzscenen som saksofonist, komponist og dirigent, har gjeve ut sju album med eigen musikk, og er signert på det renommerte tyske plateselskapet ACT. To av utgjevingane har vorte tildelt tyske spelemannsprisar. Som dirigent har Lysne leia meir enn hundre konsertar med tju av dei mest kjente profesjonelle større ensemble i Europa av i dag.

Lysne har og turnert som dirigent med artistar som Bobby McFerrin, Joe Lovano, Nils Landgren og Mory Kante. Jobbar til dagleg på

Norges Musikkhøgskole, har vore 'Composer in Residence' ved Musikhochschule Luzern i Sveits og er for tida kurator for Det Norske Blåseensemble i Halden.

Tingingsverket "Sanz".

'Sanz' er inspirert av alle dei fantastiske og positive kreftene som kjem fram når eit samfunn går gjennom ei krise. Enorme mengder med hjelp, solidaritet, idealisme, samhold og omtanke skapar ein sterk og positiv energi. Dette har inspirert Lysne til å lage eit tingsverk som godt kan skildrast som det omvendte bygdedyret. Her skal alle gode krefter opp og fram, og alle skal gjere kvarandre usjølvskade.

Sentralt her er å samle internasjonale aktørar som har busett seg lokalt, og internasjonale aktørar med røter lokalt. Her vert det smak, lukt, lyd og visuelle inntrykk. Framifrå kortreist mat vert blanda med livlege jazzva-



riantar av lokal folkemusikk. Per Sivle sine dikt går gjennom ein digital miks av born frå Aurland og dannar lydøyper inn til konserten.

Musikken vert framført av musikarar som er internasjonale og lokale på same tid. Nokon har flytta ut, andre har flytta inn og nokon vert kanskje verande etter konserten?

Geir Lysne - saxofon, fløyter, tangentar, munnharpe, laptop
 Enver Izmaylov - gitar
 Eckhard Baur - trompet, vokal
 Tom Karlsrud - trekkspel
 John Børge Askeland - bass
 Per Hillestad - trommer
 Thor Ivar Lund - lydteknikar

Konrad Kråkebolle

- Fjørefantar og kråkebollar i ny biletbok



FOTO SKULE ERIKSEN

Forfattaren Lisbeth Dreyer og illustratør Per Ragnar Møkleby har gjeve ut den sommarlege biletboka "Konrad Kråkebolle og andre fjørefantar". Forfattar og illustratør har funne inspirasjon i sjøkanten, og den badeglade lesaren får møte både sjøstjerne, strandsnigel, tanglopper og andre krabatar frå hav, fjord, strand og fjøresteinar.

Å vasse i strandkanten for å sjå etter små dyr er favorittaktiviteten til ungar, og det er for dei eg har laga denne boka. Men foreldra må gjerne reise seg frå solstolen og bli med på oppdagingsferda dei óg, seier Lisbeth Dreyer.

I boka har kvar fjørefant fått sitt eige vesle, humoristiske dikt med rim, rytme og poetiske skildringar og teikning av prisvinnande Per Ragnar Møkleby.

Fjørefantar er fine fantar som det er topp å teikne! Eg håpar boka kan gjere både lesestunda og turen til fjøra rikare, seier illustratøren.

Per Ragnar Møkleby vart seinast i vår premiert med både Kritkarprisen og Kulturdepartementets bildebokpris for 2013. Telemarkingen har tidlegare illustrert både bøker, aviser og blad, og dette er hans femte billedbok.

Lisbeth Dreyer frå Bergen er både filmskapar og forfattar, med ei rikholdig liste bak seg av filmar og bøker. Som filmskapar er Lisbeth Dreyer mest kjend for kortfilmen Aurora Borealis, som mellom anna vann pris for beste fiksjonsfilm i Frankrike i 2004. På SKALD forlag har Dreyer tidlegare gitt ut "Luisa og Ugla" (2013), og debuterte som barnebokforfattar i 2008.

Linnés dystre lærdom

Ny bok i serien om den hardtslåande psykologen Ina Grieg

Ein invitasjon til klassetreff gir nytt liv til eit av Ina Griegs fortrengde mareritt. Da ho vaks opp forsvann ei 14 år gammal jente, Sonja Lerdahl, på gåtefullt vis. Mistanken blei retta mot Tom Kaser, ein 19-åring kalla «botanikaren». Men noko lik blei aldri funne, og han blei aldri tiltalt.

Kva skjedde med Sonja? Var det Tom Kaser som bortførte og drap henne? Eller nokon annan? Eller er Sonja framleis i live?

Linnés dystre lærdom er ein nervepirrande krim om den eine, avgjerande augeblikken som brått snur opp ned på alt. Boka er den andre i serien om Ina Grieg, tobarnsmor, kickboksar og psykolog. Den første boka i serien, Den mørke porten, er selt til Italia og Tyskland.

Lars Mæhle kjem frå Sunndalsøra på Nordmøre. Han har skriva fleire bøker for barn og unge, og fekk sitt store gjennombrøt med fantasyromanen Landet under isen i 2009. Mæhle debuterte med ungdomsromanen Keeperen til Tunisia i 2002. Den prislønte filmen Keeper'n til Liverpool (2010), er basert på denne boka. Narnia-draumar (2005) er ein frittstående oppføljar til denne romanen.

Fantasyromanen Landet under isen (2009) markerte eit gjennombrøt for Lars Mæhle. Her tek forfattaren i bruk element frå kriminalforteljinga, samtidig som innsikter i dei tre store verdsreligionane – jødedom, kristendom, islam – er sentrale. Romanen blei tildelt Kulturdepartementet sin litteraturpris for beste barne- og ungdomsbok 2009 og vann UPrisen i 2010. Boka blei dessutan nominert til Brageprisen og Ungdommens Kritikerpris.

Lars Mæhle har skriva fleire bøker for yngre barn, m.a. dei elleve bøkene om tospannet Harry og Ivar. Den første av desse, Harry og Ivar finn opp krutet (2003), blei dramatisert for barnetimen og er omsett til dansk. Mæhle har studert ved Universitetet i Oslo der han har teke hovudfag i litteraturvitskap. Han har arbeidd som skribent, meldar og forlagsredaktør.

Med krimserien om psykolog og kickboksar Ina Grieg har Lars Mæhle etablert seg som ei ny, sterk stemme blant nordiske krimforfatarar.



FOTO TOVE BREISTEIN

Billettinformasjon

Førehandsal

Resepsjonen i Aurland rådhus måndag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Tlf. 57 63 29 00 e-post billett@nynorskellitteraturdagar.no

Me sender billettar i posten til publikum busett utanfor kommunegrensene, dersom desse ikkje kan hente billettane sjølve. Betalinginformasjon vert gjeve ved tinging av billettane.

Billettsal under arrangementet

Billettar kan kjøpast i billettsekretariatet på Fretheim hotell. Det vert også selt billettar i døra i forkant av dei einskilde arrangementa.

Arrangementa har eit avgrensa antal publikumsplassar og dei enkelte arrangementa kan difor verte utselt.

LOTHE

-viser med mange ansikt

Som P1-lyttar har det vore vanskelig å ikkje ha høyrte Lothe sin radiosingel «Heimlig himmel» i sommar. Totalt fikk denne 11 veker på P1 si A-liste. Frå før av har bandet markert seg med songar som «Nordfjordnatt», «Vere to», «Stjerneklart» og «Sukker & salt». I 2012 kom albumet «Blå song» som hausta lovord landet over.

Frontmann Odd-Erik Lothe leidde bandet Fabel i ei årrekke, noko som resulterte i fem kritikkros albumutgjevingar i perioden 1995-2007. Lothe er dessutan medlem av rockabillybandet Green Granadas og humortrioen «Finn-Erix». På mange måtar er bandet LOTHE ei vidareføring av Fabel. Rett og slett viser på nordfjordmål kledd i ulike musikalske drakter. Frå klassisk beatlesk popmusikk til element frå country, jazz og blues.

LOTHE vil by på rytmisk, harmonisk og mangefarga musikk frå heile katalogen til Odd-Erik Lothe. Frå «Jordbær og grasbrann» til «Heimlig himmel». Dessutan vil ein og kunne få med seg smakebitar frå LOTHE sitt komande album som er venta i midten av 2015.



LOTHE er:

Odd-Erik Lothe - gitar og vokal
Tor Bjarne Bjelland - trommer
Ine Tumyr - percusjon og kor

Line Dybedal - piano og vokal
Jan Erik Reknes - trompet og kor
Ståle Søndrål Wick - gitar og kor
Halvor Folgerø - bass og kor

Magnhild Bruheim:

Motorsykkelmysteriet

Første bok i spenningsserien om Stian og Stine

Stian og Stine er like gamle og bur i same huset, dei er stesøsken som nettopp har vorte del av ein ny familie. Men å få ein ny bror eller søster er ikkje alltid like lett! Då er det flaks at både Stian og Stine likar å løyse mysterium. Ein kveld skjer det noko mystisk i nabolaget, og jakta på svaret fører Stian og Stine opp i fleire skumle situasjonar.

Magnhild Bruheim har skrivne ein engasjerande spenningsroman for dei yngre lesarane, og heldigvis blir det fleire bøker om søskena Stian og Stine og alle mysteria dei rotar seg opp i!

Magnhild Bruheim debuterte med kriminalromanen Varselet i 1997 og har sidan skrivne fleire bøker både for vaksne og ungdom.

I 2005 gav Bruheim ut den historiske romanen Trolldomskraft, som byggjer på ei

verkeleg hending frå 1730 – ei 13 år gammal jente blir skulda for hekseri og ventar på dommen sin. Bøkene Ny melding (2003), Venneringen (2007) og På flukt (2010) utgjør ein populær serie for ungdom, om Bente og Kami som hamnar i farlege situasjonar.


Det som ein gong var (2010) er ei gripande oppvekstskildring som gir eit godt innblikk i ei ung jentes oppvekst på 60-talet, med mange tidsriktige detaljar; filmstjerner, songarar, bilmerke, slagerbøker, papirdokker, mote og musikk. Boka er ifølgje Bruheim sjølv den mest personlege ho har skrivne.

Bruheim er frå Skjåk i Gudbrandsdalen. Ho har arbeidd som journalist i fleire avdelingar i NRK, både i Oslo og Lillehammer. Dei siste åra har ho livnært seg som forfattar og frilansjournalist. Bruheim er busett på Lillehammer.



FOTO GUDMUND MOREN

Unn deg ein Opptur på Vestlandskysten



Om du vil sykle eller vandre, bruke bil eller båt, kort eller langt, i nærområdet eller litt lenger heimefrå. Så lenge det er snakk om Vestlandskysten frå Bergen og nordover til Stad, så finn du det meste av det du lurar på i den nye boka Opptur kysten Bergen-Stad. Boka er den sjuande i Opptur-serien frå Selja Forlag.

- Vestlandet er kjend for fjordar og fjell, men her er mykje meir å oppleve. Kysten er svært variert og har mange attraksjonar. Og så flytter ein seg litt meir bortover enn i fjellheimen lenger inne. Oppturen ligg like mykje i opplevinga av å vere ute på tur, som i at det går oppoverbakke, seier Knut Magne Nesse, som saman med Torkjell Djupedal har skrive boka. Nesse er til dagleg sokneprest i Florø, medan Djupedal er forleggjar i Selja Forlag i Førde.

Også i denne Oppturboka er alle turane flyfoto-

graferte, og det er det Finn Loftesnes som har gjort. På flyfotoa er alle rutene teikna inn, saman med mykje annan informasjon.

- Vi har delt opp strekninga i 30 ruter, som både er ei hovudrute, fleire alternative ruter, avstikkarar og sentrumsvandringar. Hovudruta er 280 km og har ti båt- eller ferjeetappar. Om ein vil gå heile strekninga treng ein minst 14 dagar, og skal ein sykle minst fem dagar. Men her er så mykje å oppleve undervegs at ein bør ta seg meir tid, seier Djupedal.

Men ein kan lett tilpasse turen til den tida ein har, ved å bruke hurtigbåten på enkelte strekningar. Hovudruta går på landjorda parallelt med ruta til hurtigbåten Bergen-Selje.



Jan Magnus Bruheim i ord og tonar

Ove Eide er norsklektor ved Firda vidaregåande skule på Sandane. Som kulturarbeidar og forfattar har han vore sterkt engasjert i formidlinga av Jakob Sande si diktning, og har òg skrive ein biografi om Sande.

Denne gongen har Ove gjeve seg i kast med å redigera eit utval av dikt frå Jan Magnus Bruheim sin rikhaldige produksjon. Han måtte pent lesa gjennom alle diktsamlingane til Bruheim frå 1941 og fram til lyrikaren gjekk bort i 1988, før han kunne gje seg i kast med den spennande og utfordrande ferda det vart å plukke ut dei 250 dikta som er med i boka.

- Jan Magnus Bruheim er ei av søylene i nynorsklyrikken, og dette er ein måte å lyfte han fram att på. Bruheim skriv på ein måte som gjer at han framleis er veldig aktuell. Dette er visdomsord i diktform, seier Ove Eide.

På litteraturdagane får me høyra Ove lesa dikt frå boka i eit musikalsk samspel med tre ungdomar, Vilde Torheim Skjerdal frå Aurland (vokal), Eirik Ask frå Svelgen (tangentar) og Lauritz Skeidsvolls frå Kleive i Møre og Romsdal (saxofonar).

Fredens frosne hjarte

Tredje og avsluttande bok i sterk krigstrilogi

Mai 1960. Krigen har vorte fjern og kan nesten synast gløymd. Krigsrøynslene har vorte til ein bleik, taus understraum i livet til Dagny Vik. Men då Hermod Austo finn restane av eit lik inne i fjellet og kunstmålaren Bentein kjem til bygda, er krigens påtrengjande nærver der att – fullt av løyndomar og uoppgjorde synder.

Med Fredens frosne hjarte avsluttar Ragnhild Kolden sin kritikarroste krigstrilogi om søstrene Vik. Første og andre band i serien heiter I krig og kjærleik og Krigens skugge.

Ragnhild Kolden er frå Bøverdalen i Lom og bur i Oslo. Ho debuterte i 2010 med romanen I krig og kjærleik, ei klok og medrivande framstilling av dobbeltagentverksemd under den andre verdskrigen. Ho følgde opp med Krigens skugge i 2012, og med Fredens frosne hjarte avsluttar Kolden krigstrilogien om søstrene Vik. Kolden har også skrivne kriminalromanar saman med Vigdis Kroken.



FOTO TOVE K BREISTEIN

Kulturquiz med Unni & Einar Johan



Quizmeistrane våre, Unni og Einar Johan Asphaug, høyrer til dei mest trufaste av litteraturdagane sitt publikum. Berre ein gong har dei gått glipp av dagane, og då med "lovleg forfall" (USA).

Dei deler gjerne på den breie kunnskapen sin på kulturfeltet, ein kunnskap som dei mellom anna har henta frå opphald i Afrika og Asia.

Einar er fødd i Mo i Rana i 1947, men med foreldre frå Sogn. Han er no pensjonist på sjette året, er utdanna petroleumsgelog, og som den tredje som vart uteksaminert i Noreg på -70-talet, kunne han velja og vraka i jobbar. Det blei Statoil som fekk tilslaget, og der har han jobba heile si yrkeskarriere.

Unni er fødd i 1948, og vaks opp på Bakken

turistheim på Ohnstad. Ho er norsklektor frå universitetet i Bergen og har undervist på St. Olav i Stavanger, deretter på Fana gymnas i Bergen. Unni er òg pensjonist no - på andre året.

Begge likar svært godt å delta på quiz, men denne gongen er det dei som vil stille spørsmål, der dei utfordrar publikum sin kjennskap til både lokale tilhøve og ting enno lenger ute i verda. Unni og Einar har snekra saman ein quiz som både kan oppfylle dei tre slagorda våre, Folkeleg, Raus og Levande, og samstundes motivere publikum til innsats. Her blir litt av kvart for ein kvar smak, der spørsmål spenner over mange og ulike tema – litt geografi, ein dæsj lokalkunnskap, musikk, dialektuttrykk og – sjølv sagt – norsk litteratur.

Samarbeidspartnarar:

Offentlege:



Aurland kommune
– det naturlege valet



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Sponsorar:



Aurland
Sparebank
Sutalaust

Så vakker du er



Brynjulf Jung Tjønn vaks opp i Feios i Sogn og Fjordane og er utdanna journalist. Han debuterte som forfattar i 2002 med romanen "Eg kom for å elske" på Samlaget. I 2008 kom romanen "Lyden av noen som dør" på Cappelen Damm.

Første bok for barn og ungdom var "I morgen skal vi sitte i solen" (Cappelen Damm), før han ga ut "Kinamann" (Cappelen Damm) i 2011, som delvis var basert på hans eige liv. I 2012 samarbeidde han med illustratøren Lisa Aisato om barneboka "Fotballskeene" (Cappelen Damm). I 2013 kom så ungdomsromanen som er utgangspunktet for skulebesøket hjå oss, "Så vakker du er" (Cappelen Damm).

Boka blei tildelt Brageprisen for beste barne- og ungdomsbok i 2013.

I juryen si grunngeving for nominasjonen av forfattaren frå Feios, kan me lesa:

Brynjulf Jung Tjønn skriv lett om noko tungt, og vakkert om noko vondt i denne romanen. Boka følgjer Henrik, som får kreftsjukdommen til onkelen tett på. Onkelen er sjølv ein ung mann og har fylt rolla som ven, storebror og farsfigur for Henrik. Slik blir tapet noko mange lesarar kan førehalde seg til. Parallelt får me historia om Henriks forelsking og gryande kjærleiksforhold. Forelsking og sjukdom, liv og død vert sette opp mot kvarandre, og gjev stor kraft til forteljinga.

Skrivestilen til Tjønn er rytmisk, biletsterk og poetisk. Han skriv innsiktsfullt om tap, og også dei tabubelagde og kanskje urettferdige følelsane som oppstår når dei næraste er sjuke – som sjalusi og sinne. Samtidig er boka ein klassisk ungdomsroman om forelsking og frykt, avvising og kjærleik, om kjent som blir framand. Tjønn har skriva ei bevegende og håpefull forteljing om ein ung gut som mobiliserer krefter til å handtere livet.

Rettane for boka er selde til Tyskland, Danmark og Ungarn. I tillegg set Sogn og Fjordane Teater opp eit teaterstykke basert på romanen hausten 2015.

Rapport frå Finansdepartementet - Ei statssekretærreise



FOTO RUNE KONGSRO

Fram til regjeringsskiftet 2013 var Morten Søberg statssekretær for banksaker i Finansdepartementet. Denne boka er hans rapport frå dei tre åra han var i toppen av det mektigaste departementet i Noreg.

I skuggen av ei global finanskrisa reiser Søberg frå sentrum av London til Longyearbyens periferi, til nokre av verdas største sentralbankar og mindre sentrale bankar på tvers av landegrensar og tidssoner: Noregs Bank, The First Bank of the United States, Snåsa Sparebank og Den norske Handelsbank.

Søberg har skriva ei viktig bok om spørsmål som gjeld oss alle, men som få av oss kjenner godt nok til: Korleis fungerer eigenleg bankar? Kvifor må dei regulerast og kva samfunnsansvar har dei? Og kva rolle kan personar, til dømes ein skarve statssekretær, spele på innsida av eit mektig departement?

Som i dei tidlegare bøkene sine, kombinerer Søberg solid fagleg innsikt med ei uvanleg formidlingsevne.

(i samarbeid med Aurland Sparebank)

ECO

Fond og stiftingar :

Norsk
Komponistfond

FRITT ORD



NORSK
KULTURFOND
Kulturrådet

MUSIC
NORWAY



Humoristiske refleksjonar med Baste Bolstad

Dersom nokon kan kallast "ringrev" innan norsk standup, så må det vera veteranen Baste Bolstad. Han har vore med sidan sjangeren så dagens lys i Noreg på tidleg nittital, og er i dag ein av dei mest populære komikarane i landet.

Baste Bolstad kan trygt seiast å vera ein av veteranane på den norske humorscenen, som reindyrkar sjangeren og framfører standup i si edlaste form. Med stor sjølvtilit, presis timing og fagleg tyngde erobrar han raskt publikum si merksemd.

Kun utstyrt med mikrofon, eit allsidig repertoar og gjennomtenkte poeng, syter han alltid for latter og god stemning.

Frå debuten i 1994 har han reindyrka den småfrekke, men alltid gjennomtenkte og spontane forma si for humor. Baste går nemleg ikkje av vegen for å ta direkte kontakt med publikum og gjera dette til ein del av showet! Men mest av alt har den opphavleg utdanna juristen frå Voss (og lensmannsdreng i Aurland i to somrar!) gjort sjølvironi til varemerket sitt.

Dette har m.a. resultert i mange sesongar som medprogramleiar i P4, deltaking i lokalrevyar og den sjølvskrivne førestillinga Frå Bygd Til By. Nettopp dette speglar også komikaren på scena, eit konstant harselas med kontrastane mellom nettopp utkantstrøk og storby.

Men uansett kva temaet er, har Baste berre eitt mål for auget – å få publikum til å ramla av stolane av latter.



**E-CO Energi er sponsor av
Nynorske litteraturdagar 2014**

E-CO
Rein kraft. Rein verdiskaping.

www.e-co.no



FOTO STIG WESTON

Bård Vegar Solhjell

SJAKK

- ei kjærleikshistorie

Sjakkens magi – fortalt av ein entusiast

Heile livet har politikaren Bård Vegar Solhjell vore djupt fascinert av sjakk. I barndomen var han ein talentfull sjakkspelar, seinare vart sjakken meir som ein hemmeleg lidenskap.

I denne boka forklarar Solhjell enkelt og underhaldande kvifor stadig fleire elsker sjakk. Han skriv om sjakkens historie og framtid. Om kvar sjakk kjem frå, dei store profilane og om sjakk i film, musikk og i politikk.

Dette er ei bok for alle nysgjerrige som sit med spørsmål utan svar etter OL og VM. Ei bok for deg som vil forstå meir av eit av verdas eldste og mest utbreidde spel.

Med føreord av Hans Olav Lahlum.

Høgdepunkt i norsk musikk gjennom dei 200 åra med eiga grunnlov

Me har fått mange og flotte tilbakemeldingar frå dei som fekk oppleve avslutningskonserten i fjor, både frå aktørar og publikum.

- Dette var utruleg kjekt!
- Så flott å sjå så mange av våre eigne prestere på eit så høgt nivå!

Ein skal aldri endra på eit vinnande lag, heiter det i fotballspråket, og det har me heller ikkje planar om å gjera. Dessverre får me ikkje med oss Kor Blå i år, men konserten vil i hovudsak elles byggje vidare på arrangementet i fjor, og me kan lova at det blir rikeleg med unge stemmer frå scena!

I konserten vil me servera innslag som er knytte til historia rundt nasjonalsongen, elevar frå ABU gjev oss eit historisk tablå rundt kampen for sjølvstende, og unge og ikkje fullt så unge solistar gjev oss smakbitar på både eit og hitt.

Den fyrste song og *La det swinge* er titlar me sjølv sagt må ha med, og i tillegg får musikklaget, koret og spelemannslaget det til å kribla både her og der.

Martin Hendriks er kunstnarleg ansvarleg i år som i fjor, og vil på sin lune (men likevel tydelege!) måte få fram det beste av musikalitet og god stemning hjå så vel aktørar som publikum.



Skilte menn rir igjen



Konsert med Olav Stedje



Tradisjonelt julebord m/dans

Suksessforestillingen «Skilte menn rir igjen» er tilbake – 10 år etter...

Vi møter kompisane Fredrik og Roger i ein bar i ein storby. Kvelden er ung, men dei er eldre... Medverkande er Roger Hilleren og Fredrik Steen, ein av Norges mest kjende komikarar og mannen bak revyfiguren Hildegunn Moltubakk.

Prisen inkluderer: forestilling, velkomstgløgg, jule tallerken samt overnatting.

Pris frå kr. 1.375,-

Olav Stedje konsert og julebord på Fretheim Hotel Lørdag 6. desember.

Vi inviterar til intimkonsert med Olav Stedje, julebord, overnatting, levande musikk og dans.

Pris frå kr. 1.575,-

Laurdag 29. november, 6. desember og 13. desember vert det arrangert tradisjonelt julebord med dans.

Vi inviterar til familiejulebord og juleverkstad for barn søndag 14. desember. Nissen kjem og.

Julebordspakke frå kr. 1.375,-

Familiejulebord kr. 295,-
Halv pris for barn.

For meir informasjon og reservasjon

E-post: mail@fretheimhotel.no · Tlf: 57 63 63 00



Fretheim Hotel

FLÅM
www.visitflam.com

Nynorske litteraturdagar 2014

– "Noreg på godt og vondt"

Fredag 31. oktober:

Arrangement i barnehagar og på skular på dagen med forfattarane *Laura Djupvik*, *Magnhild Bruheim*, *Brynjulf Jung Tjønn* og *Lisbeth Dreyer*.

Kl. 17.30 – 17.50

Flåm Musikklag underheld utanfor Fretheim hotell

Kl. 18.00 – 18.45

Offisiell opning av Nynorske litteraturdagar
Enver Izmaylov gitar/strupesong
Prosjektleiar *Odd Erik Vatlestad*
Helsing frå *ordførar Noralv Distad*
Brynjulf Jung Tjønn les frå boka *Så vakker du er*
Offisiell opning ved *Sylfest Lomheim*
Odd Erik Lothe song/gitar
Fretheimsalen
Kr. 100

Kl. 19.00 – 20.00

Morten Søberg:
Rapport frå Finansdepartementet
Flåmsbrygga Hotell
I samarbeid med Aurland Sparebank
Fri inngang

Kl. 19.00 – 20.00

Ragnhild Kolden – "Fredens frosne hjarte"
Ægir Bryggeri & Pub
Kr. 100

Kl. 20.30 – 22.00

Konsert *Geir Lysne Band* – tingsingsverket Sanz
Fretheimsalen
Støtta av Norsk Komponistfond og Norsk Kulturfond
Prosjektponsor Aurland Sparebank
Kr. 250

Kl. 23.00 – 00.00

Konsert *Lothe*
Fretheimsalen
Kr. 250

23.00 – 01.00

Fellesarrangement
Sylfest Lomheim med eit humoristisk foredrag rundt Adam og Eros.
Konsert med gitaristen *Enver Izmaylov*
Ægir Bryggeri & Pub
Felles billett for Lomheim/Izmaylov kr. 200

Laurdag 1. november:

Kl. 10.30 – 11.30

Kokebok frå Flåm skule
Marianne Bakeri & Kafe på Aurlandsvangen
Fri inngang

Kl. 10.30 – 12.00

Opptur kysten Bergen – Stad
Presentasjon ved forfattarane *Knut Magne Nesse* og *Torkjell Djupedal* og fotograf *Finn Loftesnes*.
Fretheimsalen
Kr. 100

Kl. 12.00 – 13.00

Gunnar Garfors:
198. Mine reiser til alle verdas land
Peisestova Flåmsbrygga
Kr. 100

Kl. 13.00 – 14.30

Folkedrakter og bunader frå Sogn. Ei reise i tid og landskap.
Bjørn Hovland presenterar boka si og det vert utstilling, framsyning og presentasjon av folkedrakter.
Fretheim – den nye delen
I samarbeid med Sogn Bunadnettverk
Kr. 150

Kl. 14.00 – 15.00

Bård Vegar Solhjell:
Sjakk – ei kjærleikshistorie
Peisestova Flåmsbrygga
Kr. 100

Kl. 15.00–16.30

Gi meg heller livet. Ei bok om soldatveteranar i Norge.
Presentasjon ved forfattar *Bjørn Asle Nord* og fotograf *Håvard Bjelland*
Fretheimsalen
Kr. 100

Kl. 17.00 – 18.30

Krisa på Krim og i Ukraina – *Jahn Otto Johansen* gjev oss eit innblikk i konflikten og presenterar si siste bok:
Drømmen om Europa. Streiftog fra tidligere jernteppeland
Krimtataren *Enver Izmaylov* fargelegg programmet med sin musikk
Fretheimsalen
Kr. 150

Kl. 20.00 – 22.00

Årets festivalmiddag. Lokale rettar ispedd internasjonal kultur
Flåmstova Restaurant
Kr. 530

Kl. 22.00 – 23.00

Ove Eide les frå boka "Dikt i utval" av *Jan Magnus Bruheim*, akkompagnert av *Vilde Torheim Skjerdal*, *Eirik Ask* og *Lauritz Skeidsvoll*.
Fretheimsalen
Kr. 150

Kl. 23.00 – 01.30

Fellesarrangement
Kulturquiz med *Unni Ohnstad* og *Einar Asphaug*
Humoristiske refleksjonar med vossahumoristen *Baste Bolstad*
Ægir Bryggeri & Pub
Felles billett Kulturquiz/Bolstad kr. 250

Søndag 2. november:

Kl. 12.00 – 13.00

Lars Mæle: Linnés dystre lærdom
Intervjua av *Magnhild Bruheim*
Heradshuset på Aurlandsvangen
Kr. 100

Kl. 14.00 – 15.00

Aurlandsutbyggjinga. Mimring med sentrale aktørar som *Osvald Turlid*, *Bengt Johnsrud* med fleire
Heradshuset på Aurlandsvangen
Kr. 100

Kl. 17.00 – 19.00

Norsk songskatt gjennom 200 år
Avslutningskonsert med lokale aktørar leia av kulturskulerektor *Martin Hendricks*
Aurland idretts- og samfunnshus
Kr. 100

Festivalpass fredag – søndag kr. 1.500
Festivalmiddagen er ikkje inkludert i festivalpassa